



Føresette til barn i Austebygd barnehage
5939 SLETTA

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/992 - 14/3670

Saksbehandlar:

Helge Vallestad

helge.vallestad@radoy.kommune.no

Dato:

07.04.2014

Orientering om sommaropen barnehage i Austebygd.

Hausten 2013 vende FAU i barnehagen seg til Radøy kommune med ønskje om å få til ei sommaropning i Austebygd barnehage. FAU gav uttrykk for at ein del av foreldra opplevde at denne mangelen gjorde tilbodet ringare enn i dei andre barnehagane i kommunen.

Austebygd barnehage har i utgangspunktet ei avdeling. Dette er hovudgrunnen til at ein har praktisert sommarlukking, då det vert svært vanskeleg å få til ei drift som er forsvarleg pedagogisk og trygg for barna, samstundes som økonomien i prosjektet må vera leveleg.

Ut frå ønskje til FAU har styrar undersøkt interessa for sommaropen barnehage, drøfta resultatata med dei tilsette, og har funne følgjande løysing i dei aktuelle vekene:

Veke 27:	Sommarope
Veke 28:	Sommarope
Veke 29 og 30:	Feriestengt
Veke 31:	Sommarope
veke 32:	Sommarope

Barnehagen heldt altså ope i to av dei fire vekene det tradisjonelt har vore ferie. Barnehageåret 2014/15 startar såleis 18. august, slik som i dei andre barnehagane. Dette er ei prøveordning sommaren 2014.

Saman med dette skrivet ligg eit svarbrev.

Det er viktig at de straks gjev barnehagen bindande melding om kor tid de ønskjer at dykkar barn skal ta ut sine 4 veker ferie, slik at ma. ferietidene for personalet kan fastsetjast

Med von om at denne ordninga vil styrkja barnehagetilbodet i Austebygd!

Med helsing

Jo Bjarte Tømmerbakke
kommunalsjef oppvekst

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Helge Vallestad
rådgjevar oppvekst

Kopi til:

Torunn Tolleshaug Hovden

Mottakere:

Føresette til barn i Austebygd
barnehage

5939

SLETTA